

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--------------------------------------|------|------------|
| 007/16 | Førebuaende fellesnemnd - ny kommune | PS | 17.11.2016 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------------|------------|
| Ørjan Raknes Forthun | 16/3602 |

Reglement - arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmar av førebuaende fellesnemnd

Framlegg til vedtak

Reglement – arbeidskår og godtgjersle for medlemmar av førebels fellesnemnd - vert vedteke slik det ligg føre.

Førebuaende fellesnemnd - ny kommune - 007/16

FELLES - behandling:

Alternative forslag: Justert tilråding: Reglement – arbeidskår og godtgjersle for medlemmar av førebuaende fellesnemnd - vert vedteke slik det ligg føre som innstilling til kommunestyra.

Møtegodtgjersle kr. 1.000,- pr. møte.

Alternativt framlegg vart samrøystes vedteke.

FELLES - vedtak:

Reglement – arbeidskår og godtgjersle for medlemmar av førebuaende fellesnemnd - vert vedteke slik det ligg føre med kr. 1.000,- i møtegodtgjersle, som innstilling til kommunestyra.

Saksopplysningar:

Føremål

Reglementet har til føremål å sikra medlemmar av førebels fellesnemnd kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i

samband med utøving av dette vervet, jfr. Kommuneleva §§41 og 42.

Reglementet gjeld fram til fellesnemnd etter Inndelingslova er oppretta.

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og køyregodtgjersle må minimum sendast kvartalsvis. Dette for å få krava med i rett rekneskapsår.

1. **Møtegodtgjersle**

Medlemmar av førebels fellesnemnd har rett til godtgjersle for møta i nemnda med kr 600,- /750,- pr. møte. Ordførarar og varaordførar som ikkje har krav på godtgjersle for verv i kommunale organ i eigen kommune har heller ikkje krav på godtgjersle i førebels fellesnemnd.

2. **Vederlag for tapt arbeidsinntekt.**

Medlemmar av førebels fellesnemnd har rett til å få utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når arbeidsgjevar har føreteke trekk i lønn, eller for utlegg til vikar. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekkja tap i inntekt + sosiale utgifter av kompensert beløp, når tapet er dokumentert med oppgåva frå firma.

Dette kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevje brutto utgifter til løn frå kommunen.

Tap og utlegg må kunne dokumenterast, og må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt blir ikkje erstatta.

Retten til vederlag for tapt arbeidsforteneste gjeld og rimeleg kviletid for skiftarbeid / turnusarbeid.

3. **Telefonutgifter**

Det vert ikkje gitt dekning av telefonutgifter i samband med førebels fellesnemnd.

4. **Køyregodtgjersle**

Køyregodtgjersle blir utbetalt etter statens regulativ.

5. **Godtgjersle til leiar og nestleiar**

Det vert ikkje gitt ein eigen godtgjersle for leiar og nestleiar av førebels fellesnemnd.

